



Helge Refsdal  
Grønfjellet 28  
5955 LINDÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/685 - 19/17411

Saksbehandlar:  
Linda Folkestad  
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:  
17.06.2019

## Anmodning om klypp av hekk langs kommunal veg - GBNR 108/149 Grønfjellet

Teknisk drift har motteke fleire uromeldingar vedkomande Dykkar hekk som veks i siktsona til vegkryss mellom Grønfjellet og Grønfjellia. Teknisk drift har registrert at hekk også er for høg i siktsona til eigen avkjørsle. Høgde på hekk gjer at denne no utgjer ei risikofare for trafikken i og langs kommunal veg.



Hekk i siktsone vegkryss mellom Grønfjellet og Grønfjellia.

Lindås kommune anmoder Dykk om å få utført klypp av hekk slik at denne ikkje er til hinder for friskt i vegkryss og avkjørsle. For at krav til friskt i både avkjørsle og vegkryss skal være stetta, skal hekk ha ei maks høgde på 0,5 meter over kommunalt vegnivå.

Lindås kommune kan i «enkeltvedtak» pålegge den einskilde grunneigar om å få utført klypp av hekk, kratt og anna vegetasjon langs kommunal veg og i siktsoner. I vedtaket sett kommunen ei frist å utføre arbeidet. Dersom arbeid ikkje er utført innan fristens utløp, kan kommunen få utført klypp av hekk og anna vegetasjon. Vi gjer merksam på at kommunen nyttar tungt maskinelt utstyr som gjev eit svært grovt resultat. Resultatet vert betre dersom De som eigar av hekk får utført arbeidet sjølv. Vi gjer merksam på at dersom kommunen må utføre arbeidet, vil avfall ikkje verte fjerna.

Vi gjer merksam på at dersom hekk og anna vegetasjon utgjer ei risikofare for trafikken, kan kommunen utføre arbeid utan yttarligare varsel.



<http://www.lindas.kommune.no/hekk-og-trafikktryggleik.400220.nn.html>

**Siktsone i vegkryss og avkjørsler:**

I siktsoner skal ein ikkje ha sikthindringar som er høgare enn 0,5 meter over offentleg vegnivå. Dette gjeld alle typer sikthindringar. Størrelsen på siktsone er fastsett i Vegnormal N100 med tilhøyrande regelverk. Fartsgrense og ÅDT (årleg døgn trafikk) i offentleg veg vert lagt til grunn for størrelse på siktsone.

**Bepantning av tomter iht til reguleringsplan:**

I føresegna til byggjefeltet (Kolås I) står det i § 6 følgjande om beplantning: «På tomter må det ikkje plantast tre eller hekker som kan virke sjenerande for nabo eller hindra oversikt i vegkryss».

**Førehandsvarsel:**

Teknisk drift anser dette brev som eit førehandsvarsel om muleg pålegg om klypp av vegetasjon i langs kommunal veg. Førehandsvarsel er gitt iht forvaltningslova § 16.

Med helsing

Rune Kilen  
Avdelingsleiar veg

Linda Folkestad  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Lindås kommune ved ordfører                      Oterhaugane 18 A    5914                      ISDALSTØ

**Mottakarar:**

Helge Refsdal                      Grønfjellet 28                      5955                      LINDÅS  
Karin Ester Refsdal                      Grønfjellet 28                      5955                      LINDÅS